

# Analyse av dømetekstar

Pronomenbruk og posisjonering av aktørar i teksten	Innhaldselement	Deontisk modalitet	Bruk og utval av kjelder	Tittel	Primær skrivehandling	Mottakar	
Tekst 1: Skal me berre stå å sjå på at jorda bli øydelagt?	Eleven brukar pronomenet "eg", og ein inngangsport til bruken av "me". Eleven koplar "eg" til "me" som eit tekstleg grep for å vise at hen er ein del av fellesskapet "ungdom". I tillegg skaper eleven eit skilje mellom "vi" og "dei" blant anna ved: "me må fikse det dei eldre har øydelagt[...]".	Eleven syner at det er ungdom som må ta bevisste og berekraftige val for å iverata klima og miljøet. I tillegg er tiltaka eleven forsøker å skape handling mot noko tenåringar faktisk kan gjere noko med: "Alle treng ikkje gjere mykje, man kan gjere som ting som å køyre mindre bil, skru av lys i rom du ikkje er i[...]".	Eleven forsøker å skape moglegheit knytt til handling ved bruk av modalverb, og spesielt "må" er ofte knytt til førstepersonspronomen i fleirtal: "me ungdommar må lage oss gode vanar". Det viser at modalitetane står i tilknytning til kven som skal utføre handlinga, og eleven eksplisitt er det jamaldringen som er mottakar i dei alle fleste tilfella i teksten	Eleven brukar rollemodellen for ungdom, Greta Thunberg. Ho er eit kjent namn, samtidig som mange veit kva ho kjempar for. I tillegg vert forskning direkte knytt til ungdom brukt: Ein undersøking i Danmark sa at 71% av ungdommane som var med meinte at klima endringane er eit veldig alvorlig problem". Dette skaper fellesskap, tilhørslse og viser at det er fleire ungdommar som kjempar for same sak	Tittelen som vert brukt i oppgåva brukar pronomen og deontisk modalitet ved bruken av "skal" og "me". Likevel veit vi som les teksten ikkje kven mottakaren er direkte, men vi får ein følelse av at nokon øydelegger jorda no. Det kan tolkast som at dei som lev på jorda før oss (ungdommar) ikkje tek godt vare på den, og dette kan vi (ungdommar) gjere noko med, viss vi vil	Å overtyde	Jamaldring

Tekst 2: Verda går under uansett!	<p>Teksten nyttar seg ofte at pronomenet "eg" ref: Om eg er for eller i mot klima og miljø er eg ikkje heilt sikker på [...]. Eleven set seg sjølv i sentrum og posisjonerar seg som ein ekspert som ser situasjonen utanfrå. I tillegg koplar ikkje eleven "me" til ungdommar</p>	<p>Eleven viser at hen har stor kunnskap om temaet og strukturer underkapitla kvar for seg. Til dømes skriv hen om "Oljen" og "Noreg tar opp olje til heile 933 milliardar norsk kroner og fisken er berre 116 milliardar norsk kroner og det er 8,5% av den norske inntekt". Kunnskapen er stor, framstillinga informativ og adresserer andre med interesse for mykje fakta i ikkje me</p>	<p>Eleven brukar nesten ikkje modalverb i det heile. Det skaper også låg grad av deontisk modalitet. Likevel finn vi døme på bruk, spesielt mot verbet "kan". Verbet vert nytta får å syne at det finnst fleire val i ulike situasjonar, men det er ikkje direkte knytt til nokon mottakar, og i mindre grad ungdommar. Til dømes: Me kan si at i dag sluttar me å pumpe opp olje[...].</p>	<p>I likheit med kategorien innhaldselement viser eleven til mykje fakta, men denne står ofte isolert. Det kan vere overveldane for mottakaren og kunnskapsdemonstrerande. Det er også verdt å merke seg at nettstadane har eit "vaksent" språk med framandord og frasar som ungdom treng meir tid på å forstå.</p>	<p>Tittelen har ei negativ innstilling til utfallet av klima og miljøproblematikken. Som lesar får vi inntrykk om at alt håp er ute som ikkje skaper engasjement mot den oppvoksende generasjonen. Likevel kan ein få lyst til å skape noko fordi vi (ungdom) skal leve her i mange år endå.</p>	Å beskrive	Skulsk
Tekst 3: Me har berre ei jordklode!	<p>Teksten innleier med å vise at "klima er eit av dei største problema me står ovanfor globalt i dag". Likevel kan eleven ha begge mottakarsituasjonane i tankane med denne formuleringa. Likevel skriv eleven seinare at "me er framtida" som tydeleg viser at jamaldringsmottakaren er mest adressert.</p>	<p>pronomenbruken viser eleven at "me" kan gjere små tiltak for å betre situasjonen: "Me må starte i det små. Reise meir kollektivt [...]". Følgjene av klimaendringane vert også sett fram i lyset, men langtidseffektane vert i litt større grad fremja enn kortidseffekten. Det viser at eleven har fokus på framtida lenger framme, som er den som ungdommar skal leve i</p>	<p>Eleven nyttar seg ikkje mykje av modalvern og analysekategorien deontisk modalitet er dermed litt fattig. Det medfører at teksten ofte adresserer den skulske mottakaren i stor grad. Likevel står det "fortsett vi med eit så stort utsepp som me gjer, kan [...]". Sjølv om dette ikkje er direkte i tilknytning til jamaldringen, er det tiltak og framtidsutsikte som kanskje er tiltenkt ungdom.</p>	<p>Teksten inneheld ei kjelde og den omhandlar klimaforskar Tore Furevik. Dette skaper høgt truverd til teksten, men ikkje ein direkte mottakar. I og med at ungdom kanskje har større respekt for autoritetar vil kjelda fungere godt inn mot dei.</p>	<p>Tittelen nyttar seg av både pronomen i kombinasjon med eit utrop. Den seier at vi ikkje har råd til å feile mykje lenger før den ikkje står til å reddast. Ein kan argumentere for at tittelen adresserer jamaldringssituasjonen fordi det er dei vaksne som har ført "oss" dit vi er i dag. Likevel er det mykje som også talar imot det argumentet.</p>	Å overtyde	Jamaldring

Tekst 4: Klima	<p>Eleven posisjonerer seg som ein ekspert som seier noko om den negative utviklinga vi ser i samband med klima og miljø. Teksten er rik på fakta, men eleven har ingen plass i argumenta som blir løfta fram. Det vil seie at eleven ser alt utanfrå og er ei objektiv stemme som beskriv korleis situasjonen er</p>	<p>Som nemnt i posisjoneringskategorien set faktakunnskapen lys på viktige område innanfor klimakampen. Til dømes skriv eleven: "Ein av dei mest diskuterte temaene i verden polane smeltar og temperaturen og vatnet stiger". Informasjonen vert lagt fram, men ikkje vidare behandla. I tillegg er det tiltak som er særst realistisk, som å flytte til Mars.</p>	<p>Teksten har ingen modalverb i første halvdel, mens i andre halvdel endrar teksten form. Til dømes finn vi "må" eller "måtte" for å synleggjere korleis "vi" kunne gjennomført tiltak. Likevel er "vi" alle menneske i verda, ikkje berre ungdommar.</p>	<p>Eleven har ikkje knytta nokon kjelder eksplisitt til skrivinga si. Jamvel er det svært mykje fakta og tal som eleven må ha henta frå ein stad. I referanselista ser vi at eleven har brukt utanlandske nettstader for å innfri det formelle kriteriet om å ha med kjelde, men dei står om enkle og isolerte ytringar, til dømes "Det første landet til å bruke olje skikkeleg vatr Kina i år -300 før Kristus".</p>	<p>Tittelen viser kva oppgåva skal handle om og etterlet få spørsmål til mottakaren. Vi forstår at vi får servert ein del fakta og det kan på ein måte samanliknast med å slå opp i ei ordbok eller store norske leksikon.</p>	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 5: Co2 kan vera verdas ende!	<p>Tydeleg fokus på meg og mine meiningar, spesielt gjennom kva "eg" ønskjer om handlinane til "dei [vaksne]", som seinare i teksten opnar for bruken av "me" og "me ungdommar".</p>	<p>Har tydeleg fokus på følgjene av klimaendringane for neste generasjonar av menneske som skal bu på på jorda. I tillegg syner eleven til handlingar som er gjennomførbare for jamaldringar, som t.d. kollektivtransport og senke eige kraftforbruk</p>	<p>Teksten er ikkje rik på deontisk modalitet, men har fleire tilfelle som adresserer jamaldringar. Bruken er ofte knytt til "kan" og "bør". Desse er kombinert med pronomenet <i>me</i> og <i>eg</i> i kontrast til <i>dei</i>. Til dømes: "Eg meiner me burde" eller "[...] klimaendringane går utover dei fattige</p>	<p>Eleven nyttar seg av kjelder, men skriv ikkje desse tydeleg fram i teksten: "Ifølgje forskarar". Likevel vert innhaldet i kjeldene presentert. Nettstadene som er nytta publiserer informasjon til alle aktørar, og har eit språk tilpassa alle brukarar</p>	<p>Tittelen er eit utrop om at vi må handle for ivareta kloden. Eleven skriv at vi må reversere forbruket vårt for å få dette til. Det viser også at eleven også nyttar seg av deontisk modalitet i orienteringa av innhaldet i teksten som "kan".</p>	Å overtyde	Jamaldring

Tekst 6: Klima og miljø, gjer ein forskjell eller gje blaffen	Teksten nyttar jamaldringar i 3. person, "Tenk på ungdommane" og "[menneska] må slutte å gje blaffen i miljøet". Vidare vert "me" og "du" nytta, men i tilknytning til "menneske".	Fokus på klimaendringane og konsekvensen det har for dyr og menneske. Innhaldet er presentert, men syner ikkje kven som må handle. Tydeleg kvar problemet ligg, men ikkje korleis ein skal løyse det	Høg førekomst av deontisk modalitet, spesielt "kan". T.d: "Du kan for eksempel køyra elbil i staden for fossilbi" og "Kva kan framtida bringe?". Likevel viser dei ikkje til handling frå nokon aktør	Kjeldebruken er implisitt i teksten og underbygger informative poeng. Har også med tabell for å understreke utviklinga i global temperatur. Nettstaden fn.no har eit språk som tilpassa alle lesarar	Tittelen rettar seg i stor grad mot lesar og oppmoder om handling. Likevel presenterer den to vegval som går i kvar si retning: ei mot å handle (gjer ein forskjell) og ei mot å sleppe unna (gje blaffen).	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 7: Kven sitt ansvar er det egentleg?	"Vi blir brukt i samanheng med "ungdommen som skal fikse kloden?" og eksplisitt som "vi ungdom", men posisjonere seg som eit "vi" av nordmenn.	Fokus på konkrete oppgåver som er praktisk gjennomførbare av tenåringer. Samstundes val som tenåringer ikkje råd over: "Skaffe seg elbil". Eksplisitt kva tenåringer bør fokusere på, gjennom rangering av tiltak	Mykje bruk av "vi" som blir bruk i samband med "ungdommar". Tydeleg kven <i>vi</i> er, samt handlingane <i>vi</i> skal, bør og kan gjennomføre ilag. I tillegg eit skilje mellom "vi" ungdommar og "dei" vaksne, fordi <i>dei vaksne</i> burde gjort mykje før <i>vi</i> kom på bana og kva vi no kan gjere.	Enkelte påstandar i teksten kan vise tilbake på kjelde implisitt, til dømes: "[...] er den største kjelda til Co2 utslepp seier FN". Likevel har eleven fristilt seg frå kjeldebruken og nyttar eigne ord framstillinga av utfordringane	Opnar med eit retorisk spørsmål og synleggjer for mottakar at det er ein aktør som har ansvaret. Ordet "egentleg" syner eit skilje mellom kven som tek/kjem til å ta ansvaret og kven som burde ha det.	Å overtude	Jamaldring
Tekst 8: Dersom du ikkje bryr deg, er du ein del av problemet	Skiller mellom "me" og "dei", som kan sjåast i desse utsegna: "Me vart fødd inn i ein øydelagt og sjuk verden" og "Kva skal me gjere når folka [...]". I tillegg eksplisitt at posisjoneringa er <i>vi</i> mot <i>dei</i> : "me ungdom".	SKRIV AT VAKSNE NAR ETTERIATT ein dårleg stad til etterfølgerane. Syner også kven (vaksne) som burde ta ansvaret, men det vert ikkje gjort og dermed at ungdom må ta del i noko dei ikkje er klar for endå. Eksplisitt seier eleven at dei ikkje kan "slå ned systemet" men finn likevel lyspunkt i handlingskrafta dei har: "Me som ein generasjon kan gjere ein liten forskjell r 1"	Mykje bruk av at "vi kan" eller "vi kan ikkje" i samband med ungdommar og viser skiljet mellom "vi" og "dei". Dermed legg eleven også ansvar på kva dei vaksne <i>burde</i> gjere, opp mot kva vi <i>kan</i> gjere for å bøte på holet som har blitt større og større.	Ingen bruk av kjelder, men synleggjer at det føreligg konsekvensar av å ikkje føreta seg noko. Føl dermed ikkje skriveoppgåva som opplyser at elevane må vise til minimum ei kjelde.	Tittelen sinaliserer eit tydeleg "du" som bør gjere ei handling. Tittelen går rett i strupen på lesarane. Den seier at det er eit "problem", men vi veit ikkje kva problemet dreier seg og. Såleis må vi lese første linja i teksten for å forstå kven "du" rettar seg mot og kva probmelet er.	Å overtude	Jamaldring

Tekst 9: Klimaendringe	Teksten brukar fleire ord i tilknytning til pronomer, men dei mest framtrødande er "man", "eg", "du", "dei" og "vi". Teksten vekslar mellom vi nordmenn og vi ungdommar.	Synleggjer at det er "vår" feil og "menneska" sin feil, samt ønskjer at seinare generasjonar skal få same tilhøve som oss, ref "[få lov til å] vekse opp på plassen sin". Skriv også at "dei" må jobbe for jorda vår: "Politikarar, ungdommar og organisasjonar som engasjerer seg gjer alt dei kan[...]"	Viser at jorda treng hjelp og syner det gjennom bruken av "kan". "Men fortsatt så kan du sjå at havet blir dekkja av plastikk og at heimen til isbjørnane smeltar [...]". Likevel oppmoder ikkje modalverba til handling, samt at dei viser tilbake på "du" som menneske, ikkje som jamaldring	Implisitt kjeldebruk, t.d: "[...] dette endte med at FN lagde eit eget miljøprogram kalt UNEP". Nettstadane fører eit språk som "alle" skal forstå, som eleven klarar å frigjere seg frå det språket og skrive med eigne ord.	Tittelen er tydeleg og forklarar å klartekst kva å slå opp i ei ordbok der ordet vert forklart kort og presist. Objektivt og vanskleg å hente ut informasjon om kva skrivaren vil eller ønskjer med teksten. Skaper i så måte ikkje ein retorisk situasjon for lesaren	Å overtude	Skulen/læraren
Tekst 10: Ta ansvar	Skildrar at "nokon" og "alle" må ta på seg skuldra for klimaendringane vi opplev. Syner "eg" som ein som fordeler skuld på alle, men primært personar i maktposisjonar.	Syner faktakunnskap om kva klimaendringane påverkar. I tillegg "at man må kutte unødvending reise med fly og køyretøy". Rettar seg dermed mot vaksne som kan ta desse vala sjølv og vert endå tydelegare ved å sitere: "når man tar buss i steden for å køyre sjølv".	Nyttar mange modalverb, som til dømes "Ein drihus gass kan for eksempel være co2" eller "Det her kan vi ikkje ha noko av". Likevel brukast det ikkje inn mot å overtude ein konkret mottakar, men heller alle som les teksten. Såleis adresserer ikkje eleven tydeleg kven hen skriv for	Fleire døme på kjeldebruk både implisitt og eksplisitt. Syner konsekvensar av tiltak og underbygger kjeldene. Likevel er dei generelle og rettar seg i større grad mot den vaksne befolkninga meir enn den yngre garde	Oppteken av at "nokon" må ta ansvar, men tittelen speglar teksten: Det er ikkje tydeleg kven ansvaret blir lagt på og "alle" blir raskt ein mottakar. Kva ansvar "vi" må ta, eller korleis vi må ta det, er heller ikkje forankra i tittelen eller teksten	Å overbevise	Skulen/læraren
Tekst 11: Miljøoppgåve	Brukar "eg" og "vi" om kvarandre og synleggjer at ansvaret ligg her. Til dømes: "Som ungdommar har vi også eit ansvar med å [...]".	Munnleg i skrivestilen, brukar retoriske spørsmål og innbyr til tenkepausar, som: "Ja, kva tenker du om det?". Syner også problemet med issmelting og at det går utover oss. Tiltaka er også jamaldringsvenlege: "Mi må slutte å kaste bås i naturen [...]"	"Må" er eit gjentakande modalverb som brukast i tilknytning til kva vi bør gjere. Til dømes: "Kva må vi gjere? Det vi kan begynne med er å slutte". Det er dermed ei oppmodin mot haldning. Haldninga til eleven er å få jamaldringar til å handle før det er for seint	Nyttar ikkje kjelder, ei heller i referanselista. Likevel tek eleven fram fakta som "Sjønivået har steve med over 15cm [...]". Vidare vert problematikken rundt dette skrive fram	Tittelen er objektiv og vert nytta for å seie kva teksten handlar om. Såleis skaper den ikkje haldning til handling.	Å overtude	Jamaldring

Tekst 12: Små endringar kan hjelpe	Posisjonere seg som ein ekspert som ser verda utanfrå og inn. Oppteken av kva "medmenneksa burde gjere for og redde denne planeten [...]".	Oppstykk skriving som tek fram mange poeng i klimakampen. Dog er ikkje desse poenga brukt på noko anna måte enn å syne kunnskap for ein eventuell lesar	Høgfrekvent bruk av modal verbet "kan" og det viser kva moglegheier som ligg der for <i>medmenneska</i> , <i>folka</i> eller <i>dei</i> . Rolla som ekspert vert også styrka av sitatet: "Men ut i frå det eg har lest virker det som [...]".	Mykje kjelder og tal, men ingen vert brukt direkte for å påverke mottakar. Mest for å vise høg kompetanse. Kjeldene som er i bruk er også utanlandske og med høg grad av statistisk prognosar	Tittelen skaper trong til å bidra. Vi som mottakarar forstå at vi kan hjelpe, sjølv om vi ikkje sit i posisjon til å påverke andre enn nærmaste krets. Adresserer dermed jamaldringar, spesielt ved bruk av ordet "små".	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 13: Jorda er sjuk, og det må gjøres noko med det	Eg-bruk som syner at "dei" som forureinar ikkje kan fortsette med det. I tillegg "vi [menneske] kan kjenne det i dag med farlege orkanar[...]".	Samanhengande tekst med tydeleg innleiing som presenterer kva teksten skal handle om. Tettpakka med fakta og konsekvensar. Avsluttar med at ungdom og vaksne må ta ansvar, men seier ikkje noko om korleis	Brukar modalverba "kan" og "må", men desse skaper ikkje deontisk modalitet. Til dømes: "Då må vi ungdom ta omsyn til". Såleis skaper ikkje modalverba eit ønskje om å handle, men vert nytta fordi setninga syner at mottakaren har at val. Desse vala kan den skulske mottakaren velje sjølv basert på utgreinga i setningane som kjem i forkant	Brukar FN og deira generalsekretær og fakta kring energiforbruk, oljeutslipp, Parisavtalen med meir. Overbevisande, men adresserer i hovudsak den skulske situasjonen	Tittelen er ei ytring som medfører lyst til å ta grep. I tillegg deontisk modalitet i "må". Likevel ingen pronomenbruk. Spelar på følelsane til lesaren.	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 14: Redd verden nå!	Mykje bruk av "eg" innleiingsvis. Er beskrivande i stilen som gjer at teksten tek opp ei sak, drøftar henne og konkluderer	Innhaldet er konsentrert rundt to emne som jamaldringar kan gjere noko med: Miljøvenleg kjøt og plast i havet. Desse vert drøfta fram og tilbake og fakta om fordeler og ulemper styrkar drøftinga. Tydeleg fokus på logikk	Har modalverb i teksten, men ikkje for å skape handling. Sjå tekst 13	Har med kjelder i teksten, men blir brukt for å skape logikk. Ikkje overtyde lesar om å handle eller få følelsar for situasjonen. Mest for å få fram poenga sine (eleven) og svarer på oppgåvebestillinga	Utrop til å handle. Likevel ikkje tydeleg kven som skal handle. Kan kalle det eit rop om hjelp, men noko fånyttes fordi det ikkje skaper det store ønskjet frå lesaren	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 15: Det eg synst	Som tittelen seier er posisjoneringa tydeleg. Mykje bruk av "eg". Syner at "dei" har makt. Tydeleg forskjell mellom meg (ungdom) og dei (vaksne).	Brukar følelsar for å skape samvit hos lesaren og syner kvifor "du" må handle. I tillegg at "vi" må gjere noko, når "dei" ikkje klarar.	Modalverba forsøker å påverke mottakaren av teksten. Den deontiske modaliteten rettar seg mot jamaldringar ved å vise at samspelet dei unge kan få til vil få stor innverknad på klimaet og miljøet	Kjeldene skaper meir logikk rundt slutningane til eleven. Underbygger og talfestar korleis situasjonen er og spelar på samvitet slik kjeldene er forklart.	Tittelen seier lite om teksten, anna enn korleis eleven vel å posisjonere seg. Kan virke forvirrande for mottakar kva formålet med tittelen er. Skaper ingen tyngde, som medfører at motivasjonen for å lese kan falle	Å overtyde	Jamaldring

Tekst 16: Klima og miljø i dag	Brukar eg og vi om kvarandre. Såleis eit skrik om hjelp til alle der ute. Sjå tekst 7	Har mange gode poeng som jamaldringar kan gjere. Til dømes kjeldesortering, pante flasker og kosthald. I tillegg meir "vaksne" tiltak som bilkøyring eller oljeutslepp.	Til dels deontisk modalitet, men av og til retta mot jamaldringar, mens andre gongar mot alle. "Du kan kjeldesortere og passe på at ein berre kastar søppelet sitt i rett bossdunk" og "Ein kan køyre mindre bil"	Kjeldebruk om fakta frå "vaksne" sider og får fram viktige poeng i kampen om klima. Likevel talfestar kjelda noko som skaper meir logikk mot eit skulsk tema	Informerende tittel. Fortel kva oppgåva skal handle om	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 17: Bil er eit problem	Formidlar kva som er sitt synspunkt ved bruk av "eg". Elles vert dette forankra opp mot fakta og informasjon om temaet	Som tittelen seier ligg fokus på bil og utfordringane den medfører. I tillegg mykje informasjon om konsekvensane av dette	Ingen modalverb vert nytta og såleis heller ikkje deontisk modalitet. Teksten er informativ i stilen og skaper ingen handlingsrom for lesar.	Brukar ei utanlandsk kjelde, men denne finn vi ikkje igjen i teksten då det er sprikande tema som vert gitt informasjon om. Kjeldebruken er for å synleggjere at vi står overfor klimautfordringar i tida framover	Informerende og syner kva teksten skal handle om. Likevel skaper den ikkje handling anna enn å stadfeste korleis situasjonen er per dags dato	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 18: Klimaendringene	Brukar "me" ofte, men ingen tydeleg mottakar av teksten. Sjå tekst 10	Fokus på store omveltningar som inneber mange prosessar. Argumenta som blir teke opp kan skape tusenvis av nye diskusjonar og argument, som til dømes oljeavvikling og mat.	Brukar spesielt modalverbet "kan". Likevel er det ikkje forankra mot situasjonen jamaldringar står i. Sjå tekst 13	Brukar nokre tal og fakta i teksten for å skape truverd og at tema som blir teke opp er sanne. Likevel veit vi som mottakar ikkje kvar kjeldene er henta frå. Dei underbygger at det er eit problem og er såleis beskrivande for situasjonen, temaet og setninga	Sjå tekst 9	Å overtyde	Skulen/læraren
Tekst 19: No må noko gjerast!	Forsøker å skape eit skilje mellom "me" og "dei", som i denne teksten vert omtala som framtid og fortid. "Generasjonane før oss" og "Vår [jamaldrings]generasjon"	Sjå tekst 8. Vil også påpeike at denne teksten ikkje har like mange tiltak som appellerer direkte til jamaldringar	Mykje likheit med tekst 8, men nyttar seg også av modalverba "skal", "må" og "bør" i tillegg til "kan". Skaper trong til å handle	Sjå tekst 15	Svært mange likheitstrekk som tekst 10 og tekst 14	Å overtyde	Jamaldring

Tekst 20: Alle har eit ansvar	posisjonere seg med "eg" mot "dykk". Kan lesast som eit enkeltstemme som ønskjer å overtude andre forankra i logisk skriving, men har ikkje sikta seg ut spesefikke mottakarar	Brakar mange tiltak som er i tilknytning til jamaldringar, men gjerne mest retta mot "den gemene hop", til dømes elbil kontra dieselbil, samt kollektivtransport	Ingen bruk av deontisk modalitet. Kan forklarast ved mangel på modalverb, og såleis skrivehandlinga som eleven vel å nytte seg av	Sjå tekst 14	Tittelen er svært lik tittelen i tekst 10: Ta ansvar. I tillegg kan vi også sjå til tekst 14	Å utforske	Skulen/læraren
Tekst 21: Klima og miljø, vil du gi blaffen eller gjere ein forskjell?	Sjå tekst 20	Brakar innhaldsmoment som resirkulering, vegetarianar og "små tiltak". Sjå tekst 7 og 8	Sjå tekst 5. Denne teksten nyttar seg spesielt av modalverb i tilknytning til jamaldrande tema. "Problemet er foreldra og besteforeldra våre sitt rot".	Brakar berre 1 kjelde, som vert nytta som å underbygge eit poeng i argumentasjonen sin. Skaper logikk og truverd, men kjelda adresserer mest den skuske situasjonen	Sjå tekst 6 og 7	Å overtude	Jamaldring
Tekst 22:	Nyttar eg i forma. Sjå tekst 13 og 14	Realistisk i argumentasjonen sin, men ønskjer ikkje ei handling frå mottakar. Kan seiast å vere lite appellerande, i form av lite bruk av modalverb	Låg grad av modalverb som skaper lita eller ingen deontisk modalitet.	Sjå tekst 21	Har ikkje tittel	Å samhandle	Skulen/læraren
Tekst 23: Skal me verkeleg berre sitte og sjå på kloden dø?	Sjå tekst 5. Tydeleg "me" mot "dei".	Oppmoder om små tiltak, at alt hjelper og fordeler skuld. Ønskjer å skape fellesskap rundt temaet og handlingane. Sjå tekst 5	Sjå tekst 5. Brakar modalverb for å underbygge posisjoneringa si i teksten	Har ikkje med kjelder	Deontisk modalitet i tittelen, samt retorisk spørsmål. Sjå tekst 5 og 7	Å overtude	Jamaldring
Tekst 24: Me har eit ansvar	"Vi", "oss" og "ungdommar" i posisjoneringa, men overtude ikkje lesar meir enn det. Klarer ikkje skape eit skilje mellom menneksa på jorda	Har med relevante grep ungdom/jamaldringar kan utøve. Likevel ikkje eit fellesskap og motivering rundt å gjennomføre og såleis skape ei varig endring	Sjå tekst 11, 12 og 13. Brakar modalverb og set dei delvis i samhandling med handlingane.	Brakar kjelder for å vise at ungdom kjempar for ungdom. Mediumet eleven har henta kjelda frå er relevant og skaper ei tyngde i teksten. Språket på nettstaden er også tilpassa ungdom i stilen, med eit få framandord og forskning som er tilpassa ungdom.	Sjå tekst 10	Å overtude	Jamaldring



Tekst 25: Ungdom har eit viktig ansvar	Har same posisjonering som tekst 24, men skaper skiljet mellom aktørane. I tillegg får mottakaren ofte servert "du", gjennom å bli sett. "Det er ikkje berre din feil" eller "No er det vår jobb[...]"	Også denne teksten har mange fellestrekk til tekst 24. Skaper dog eit større fellesskap rundt tiltaka som må utførast	Deontisk modalitet til stades og skaper dette ved å sette modalverba i tilknytning til jamaldrande tiltak og overtyding.	Kjeldebruken er implisitt og informativ. Nettstaden fn.no har eit språk som tilpassa alle lesarar. Skaper truverd, men ikkje direkte retta mot jamaldringar	Syner i tittelen at teksten skrivast <i>til</i> eller <i>om</i> ungdom. Set også fokus på at ungdom har, eller blir gitt, eit ansvar og dei er modne nok til å få dette på sine skuldre.	Å overtyde	Jamaldring
Tekst 26: Det eg synst	Sjå tekst 20. "Eg" meiner mykje om dette temaet	Sjå tekst 22. Vaksne tema og vanskeleg for jamaldringar å gjere noko med.	Sjå tekst 22. Låg førekomst av deontisk modalitet som følgje av få modalverb. Desse viser heller ikkje tilbake til tiltaka jamaldringar kan gjere	Sjå tekst 14. Har kjelder i referanselista, men desse viser ikkje igjen i sjølve teksten.	Same tittel som tekst 15	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 27: Er det på tide å selje elbilen din?	Brukar "du" og "eg" for å skape eit skilje. Likevel vert desse forskjellane viska ut utover i teksten. "Du" syner også til alle som les teksten. Såleis posisjonerer eleven seg slik at hen snakkar til alle der ute Eit fellesskap om "vi". Dette "vi"et er "alle i verda fordi vi berre har ei jord og vi har alle eit ansvar på å bevare den"	Innhaldet dreier seg i hovudsak om diskusjonen kring fossilbil og elbil. Vi får ein leksjon om kvifor vi bør vurdere å gå imot elbil-trenden. Frå nokon sin ståstad kan det vere sanning i påstandane, men for andre ikkje	Nokon modalverb, som ofte er rundt bruken av "kan". Likevel seier desse ikkje noko deontisk.	Veldig mange tal om kvifor fossilbil er bra, eller betre enn elbil. Dreier seg særst mykje om køyrelengde.	Skaper interesse for å lese. Har med retorisk spørsmål, posisjonerer i oposisjon med mottakar "du". Skaper lesarlyst, spesielt når påstanden er imot vegen samfunnet vel å gå	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 28: Klima	Eit fellesskap om "vi". Dette "vi"et er "alle i verda fordi vi berre har ei jord og vi har alle eit ansvar på å bevare den"	Omhandlar oljen og bilparken vår.	Sjå tekst 13	Har ingen kjelder	Sjå tekst 9	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 29: Du burde kanskje tenke øver kva du kastar	Nyttar "vi" og "du". Skaper eit visst fellesskap rundt dette, men snakkar til alle "der ute".	Teksten er for kort til å seie noko om innhaldselementa, anna enn at eleven nyttar seg av språkleg bilete "store paradiset" og at eleven har planar om å skrive noko om "bås[boss]".	Ingen	Ingen	Tydeleg at tittelen snakkar til mottakaren "du", men denne mottakaren kan vere kven som helst	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 30: Stopp med unødvendig utslepp	Sjå tekst 9	Sjå tekst 9	Sjå tekst 9	Sjå tekst 9	Sjå tekst 10	Å beskrive	Skulen/læraren

Tekst 31: Gjer noko for samfunnet, da!	Eleven har lest oppgåva og er klar til å ta eit sjølvstendig val, gjennom bruken av pronomenet "eg". Innong til bruken av "me" som viser til "me ungdommar". Vidare inngong til kjeldebruken med Greta Thunberg.	Syner at ungdom kan, og bør, ta bevisste og berekraftige val for klima og miljø. Konsekvensane vert teke opp retta mot dei neste generasjonane, samt finn små tiltak som ungdom/jamaldringar kan påverke.	Skapar til dels moglegheit knytt til handling. Størst førekomst av førstepersonspronomen, som "må" i tilknytning til "vi unge må gjere".	Jamaldringar i sikte ved bruk av eit forbilete for andre ungdommar. Ungdom kjempar for ungdom. Mottakaren står ikkje aleine. Brukar også forskning/undersøkingar på ungdom. Nettstadane har også eit enkelt språk	Sjå tekst 10 og 14	Å beskrive	Jamaldring
Tekst 32: Om Friheten	Er skrive som ein fagartikkel. Dermed er det ikkje brukt pronomen	Sjå tekst 6	Likskapstrekk til tekst 9, men dei modalverba som er nytta viser ikkje noko direkte knytt til mottakaren av teksten. Viser at det går an å gjere forskjellige val i ulike situasjonar	Sjå tekst 6	Sjå tekst 9. Skaper eit inntrykk av at vi har friheit til å velje, men teksten byggast opp som at vi har friheit til å velje om vi skal overleve eller ikkje.	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 33: Unge må ta vare på miljøet	posisjonerte seg som ein ekspert, men tek ikkje parti med nokon. Likevel eit skilje mellom unge og vaksne, men er objektiv: "Eg synst ungdom gjere for lite for miljøet og"	Innhaldselementa går i retninga av moment unge kan gjere noko med. Gjenspegla av overskriftene i teksten: "Ete smartare", "fornybar energi" samt "Berre tenk litt på miljøet". Syner eksplisitt at ungdom ikkje kan gjere alt som vaksne kan: "Men ungdommar kan ikkje gjere noko med dette fordi dei ikkje køyre bil". I tillegg "må" ungdom få lov til å vere leikne og at det er andre som bør ta ansvaret	Sjå tekst 32	Sjå tekst 6	Viser med tittelen at mottakaren primært er unge. Rettar seg direkte mot "dei", og fortel kvar skoen trykker.	Å beskrive	Skulen/læraren
Tekst 34: Ikkje alle ungdommar vil tenke på klima	Viser at ungdom ikkje treng å ta ansvar for klima, men at dei har eit val. "Vi" kan late vere.	Syner eksplisitt at ungdom ikkje kan gjere alt som vaksne kan: "Men ungdommar kan ikkje gjere noko med dette fordi dei ikkje køyre bil". I tillegg "må" ungdom få lov til å vere leikne og at det er andre som bør ta ansvaret	Høg grad av deontisk modalitet, som indikerer at ungdom må få ta dei vala dei vil sjølv. Ungdom "kan", "bør" og "må" få lov til å late vere å tenke på miljøet	Nettstadene og språket på dei er frå unge sider. Det fargar også språket og måten teksten vert skriven på. Enkelt, konkret og skrive fram på ein ungdommeleg måte med døme	Sjå tekst 33. I tillegg skriv tittelen fram det resten av oppgåva gjer: Ungdom treng ikkje vere med i klimakampen. Eleven skriv nemleg at unge må få vere unge, og deira kamp handlar om å utvikle seg	Å overtyde	Jamaldring
Tekst 35: Alle har eit ansvar	Sjå tekst 33. Ser på temaet klima og miljø utanfrå og inn og kan beskrive korleis situasjonen ser ut	Beskrivande om alle tema. Sjå tekst 33	Beskrivande skrivning medfører låg bruk av deontisk modalitet og modalverb. Sjå tekst 9	Varierende kjeldebruk. Implisitt i teksten og vanskeleg å sjå dei opp mot kjeldelista. Sjå elles tekst 6	Tittelen legg ansvar på alle, gjennom noko som kan kallast eit utrop. Sjå tekst 10	Å beskrive	Skulen/læraren

Tekst 36: Gir du verkeleg blaffen i klimaet?	Sjå tekst 31. Adresserer også jamaldringar eksplisitt i teksten som "me", samt brukar inngangsporten via "eg"	Sjå tekst 31. Element som kjøpe brukt, resirkulere og vere fornøgd med det vi har. I tillegg "lære av vaksne sine feil"	Sjå tekst 31, men i denne teksten færre modalverb. Elles syner den deontiske modaliteten til handlingane jamaldringar gjer, og skaper skilje mellom "våre" handlingar og "deira" handlingar	Vaksne kjelder, men berre henta ut enkelte tal herfrå. Klarar å skape eigarskap, sjølv om kjeldene adresserer skulsk mottakar	Sjå tekst 27. Viser at "du" må handle	Å overtyde	Jamaldring
Tekst 37: Klima og miljø kan vere vanskeleg	Sjå tekst 36.	Sjå tekst 36 og tekst 31. Fleire innhaldselement som jamaldringar kan gjere noko med.	Brucar deontisk modalitet, men ikkje i stor grad	Sjå tekst 36. Likevel klarar ikkje eleven i like stor grad å skape eigarskap til kjeldene og såleis "utnytte" dei til sin fordel i overtydinga av mottakar	Skapar forståing for mottakar, men elles seier tittelen informativt kva teksten skal handle om	Å overtyde	Skulen/læraren
Tekst 38: Klima for meg	Har lese oppgåveteksten og forsøker å distansere seg frå utsegnet i den samansette teksten. Eit tydeleg "eg", men mest for å vise "si" side av sak	Forsøk på å vise til "vår" og "deira" generasjon, samt små tiltak i kvardagen. Likevel er det høgare forekomst av "nokon må" eller "ein kan".	Som vist i innhaldselement er det førekomst av deontisk modalitet, men verkegraden er ikkje forankra sterkt nok mot mottakaren og overtydinga	Likskap med tekst 37, som har poeng frå tekst 36.	Syner i tittelen at teksten skal handle om "meg". På denne måten adresserast ikkje jamaldringssituasjonen.	Å overtyde	Skulen/læraren
Tekst 39: Me har eit ansvar	Tydeleg "me". Eksplisitt kva ungdom er og kvifor ansvaret kan leggst her	Skaper skilje mellom kva "dei" kan gjere, og kva "me" kan gjere. Overkommelege tiltak	Brucar deontisk modalitet for å skape større handlingskraft i setningane sine. Desse viser tilbake på momenta i innhaldselementa	Sjå tekst 36. Klarar i noko grad å "ta ned" kjeldene til jamaldrande nivå	Tittelen viser at "me" har eit ansvar, som indikerer ungdom/jamaldringar. Legg ansvar på lesarane av nettstaden i referert i skriveoppgåva til eleven	Å overtyde	Jamaldring
Tekst 40: Alle kan gjera litt	"Me ungdommar". Sjå telst 39	Sjå tekst 39. Syner små tiltak.	Høg grad av deontisk modalitet, som indikerer at ungdom må få ta dei vala dei vil sjølv. Ungdom "kan", "bør" og "må" få lov til å late vere å tenke på miljøet. Til dømes: Me ungdommar kan kjøpa [...] og "me kan for eksempel[...]"	Kjeldene er skulske. Til dømes: I gjennomsnitt slepp ein nordmann ut 7,03 tonn Co2 i året. Eit slikt utslepp fører til global oppvarming[...]. Sitatet skriv også inn vaksne.	Tittelen viser at alle kan vere med på spleiselaget. Utrop mot "kven som helst"	Å overtyde	Jamaldring

Tekst 41: Ungdommar kan ha eit ansvar for klimaet vårt	"Me" ungdommar og at "me" ikkje treng å bry oss. Skilje mellom "oss" og "dei".	Fokus på at det ikkje er "vår" feil, men at vi kan bidra med enkle tiltak. Skriv appellerande til andre ungdommar om at vi skal få leve liva våre som vi ønskjer	Mykje modalverb i tilknytning til handlingane til jamaldringar.	Skriv om vegetarianarar og kvifor dei vaksne kan velje den modellen, mens unge kan gjere som dei vil. Kjelda støttar også opp under påstanden	Tittelen har både ungdommar og deontisk modalitet eksplisitt skrive.	Å overtyde	Jamaldring
Tekst 42: Kva kan me gjer?	"Vår feil" viser at alle står samla, unge som eldre. Snakkar direkte til mottakaren gjennom "du"	Vise både små og store tiltak. Likevel er det ikkje skrive fram slik at tiltaka er lette å gjennomføre	Noko grad av deontisk modalitet, men verkar ikkje direkte inn på vala til mottakaren.	Unge kjelder, hovudsakleg henta data frå studentar. Underbygger poenga til eleven slik at desse kan skrivast fram	Posisjoneringa i tittelen seier noko om eit fellesskap, men ikkje kven fellesskapet består av. Det viser seg å vere "alle"	Å overtyde	Skulen/læraren